



**Innspel på dialogmøte om kulturforskning
17. januar 2012 frå Norske kyrkjeakademi (NKA)
v/ Margunn Sandal**

Kyrkjeakademirørsla er ei frivillig, økumenisk og sjølvstendig rørsla som har som mål å tene kyrkje, kultur og samfunn gjennom å:

- Bidra til dialog mellom ulike grupper menneske
- Skape møteplassar for fordjuping og meningsbryting.

Vi har eksistert i 55 år, og har i dag rundt 60 medlemsakademi rundt om i landet. Dei står bak omkring 300 arrangement i året. Dette arbeidet er basert på lokal frivillig innsats, og det blir bunde saman, stimulert og støtta opp om, gjennom eit nasjonalt organ (NKA). NKA representerer kyrkjeakademia overfor statlege og kyrkjelege styresmakter. Vi fremmar samarbeid med tilsvarande institusjonar i andre land og tar initiativ til prosjekt, konferansar og andre tiltak som er i rørsla si ånd.

Vi vil kome med innspel til Grund-utvalet, både med omsyn til forskingsområde, kunnskapsbehov og verkemiddel.

Når deg gjeld kunnskapsbehov, er vi særleg opptatt av *utviklinga i den frivillige innsatsen på kulturfeltet*. I arbeidet med våre egne strategiar, har vi mellom anna sett på Håkon Lorenzen sine analyser

av utviklingstrekk i det frivillige samfunnet. Dei er presentert i boka, *Fellesskapets fundament*, som kom i 2004. Vi vil ta opp eit av dei utviklingstrekkane han skisserer: *Vitskapleggjering*.

Han skriv at fagfolkas inntog ofte fører til amatørane sin utmarsj. Lorentzen si tese er denne: Oppgåver som tidlegare vart ivaretatt på amatørbasis, med sterk forankring i kontekstuell kunnskap, blir fagleggjort, fristilt frå sin meiningssamanheng. I åra mellom 1945 og 2000 var det primært på helse og sosialfeltet fagleg ekspansjon fortrenge sivilt engasjement. No er det kultur og fritidsfeltet som står for tur: "Kultur- og fritidsfeltet vil i årene som kommer bli preget av en kraftig ekspansjon av profesjonelle yrkesutøvere med forventninger om lønnsarbeid - i frivillige organisasjoner, i offentlig forvaltning eller gjennom markedsetableringer." (Lorentzen, s. 160)

Vårt nettverk er forankra i det han vil kalle «amatørar» og dei frivillige sitt engasjement på kulturfeltet. Vi representerer fysiske, sosiale areaner av ikkje-instrumentell karakter, stader med rom for sektoroverskridande diskusjonar (slik NKA blir omtala i ei evaluering frå Kulturrådet, Mie Berg Simonsen, 2005). Samstundes ser vi klare tendensar til profesjonalisering, også på vårt felt. Vi spør oss: Korleis kan frivillig innsats og profesjonalisering haldast saman på eit godt vis, på kulturfeltet? Vi har ei formeining om at den innsikta og kompetansen som eit lokalt baserte frivillig aktør- og arrangørnettverk står for, har ein særskild verdi. Og vi lurar på om,- og eventuelt korleis,- denne verdien kan involverast i eit konstruktivt dynamisk samspel profesjonaliseringa eller «vitskapleggjeringa», som Lorenzen kallar det.

Vårt neste innspel dreier seg om forskningsområde.

Norske kyrkeakademi fekk i 2003 oppdrag å utarbeide ei *kulturmelding for Den norske kyrkja*. Meldinga *Kunsten å være kyrkje. Om kirke, kunst og kultur*, vart levert i 2005. (Oslo: Verbum, 2005). Denne meldinga har delvis danna grunnlaget for vidare utvikling på kyrkje- kulturfeltet. Kyrkja ein av landets største kulturaktørar, men verksemda ligg ikkje inn under Kulturdepartementet, og utvalet kan kanskje argumentere for at kyrkja ikkje høyrer in under deira mandat. Like fullt kan ikkje dette store kulturfeltet vere avhengig av tilfeldige departementale innplasseringar. Vi skulle sett at strategiane dei ansvarlege styringsorgana har lagt opp til, *etter* at vi leverte vår kulturmelding, blir evaluert, også frå kulturfagleg hald. Det ville også vere interessant å få undersøkt generelle utviklingstendensar når det gjeld estetikk og religion.

Dessutan tenkjer vi at det no treng å vere ei særskild merksemd kring korleis endringane i *kyrkje/stat-relasjonane* verkar inn på kyrkja som kulturaktør. Og ikkje berre det: Også den betydninga kyrkjebygga har i lokalsamfunnet, burde få merksemd. Vi vil hevde at det er gjort altfor lite forskning på den materielle kulturen si religiøse og estetiske betydning, og ser gjerne at dette er eit felt som blir utforska vidare.

Som ei økumenisk rørsle vil vi dessutan framheve at vi veit svært lite om *kunst- og kulturlivet i andre kyrkjesamfunn*, og den betydninga det har. Det same gjeld *kulturen og kunsten si rolle hjå andre religiøse grupperingar*. Her kunne det også vere ønskeleg å undersøkje ulike initiativ til,- og tiltak for,- å skape *religionsdialog gjennom kunst og kultur*.

Når det gjeld *forskingspolitisk verkemiddel*, meiner vi det er viktig å studere det som skjer (og er) lokalt og heilt konkret. Det bør også vere eit mål at ulike forskingsmiljø, med sine ulike metodiske tilnærmingar til stoffet, blir involvert.